

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stede: Grete Müller, Elisabet B. Salte, Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Lene Nilsen (vara), Jostein Bildøy, Henrik Aasved, Sven Hove (vara), Charlotta Schaefer

Forfall: Linn Bæra, Gunnar Ekeland, Kristoffer Skjolden, Karl Olaf Sundfør

Møteleiar: Grete Müller

Møtedato: 07.12.2017

Klokkeslett: 09.45-14.45

Møtenr: 9/17


Møtestad: Helse Vest RHF, Møterom Kjerag

Arkivref: -

| Saksnr. | Emne | Ansvarlig |
|---------|--|-----------------------------------|
| 79/17 | Innkalling blei godkjent | Nestleiar for RBU Grete Müller |
| 80/17 | Referat frå førre møte 6.11.17 blei godkjent. | Nestleiar |
| 81/17 | <p><u>Deltaking i arbeidsgrupper/prosjekt/nettverk</u> RBU gjennomgikk og oppdaterte oversikten over deltaking i arbeidsgrupper/prosjekt/nettverk. Alle RBU-representantar gav ei kort rapport frå sine verv. Sekretær for RBU vil sende ut ei oppdatert liste til RBU per e-post.</p> <p>Følgjande arbeidsgrupper/prosjekt er/vil innan kort tid, bli ferdigstilt og kan strykast frå oversikten:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Regional plan CFS/ME. Rapport er levert frå arbeidsgruppa. - Pasientreiser har blitt HF og er ikkje lenger ANS. - Prosjekt 'Ambulante team rehabilitering' er ferdig og levert til styringsgruppa desember 2017. - Regionalt prosjekt om fødetryggleik - Regional plan psykisk helse – siste møte januar 2018. <p>Følgjande brukarrepresentant står oppført feil og skal tekes vekk frå oversikten:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Jørn Pettersen for AMK. - Pål Berger for Alle møter. - Grete Müller for styringsgruppe Program for pasienttryggleik. <p>Grete ønsket å gå ut av vervet i Nettverk for læring og meistring. Merete Hauge overtar vervet etter Grete.</p> | Nestleiar |

| | | |
|-------|--|--|
| | <p>RBU kommenterte at vara-representanter også må få innkalling og referat frå arbeidsgrupper/prosjekt.</p> <p>Neste gong deltaking i arbeidsgrupper blir handsama oppmodas representantane å halde ei <u>kort</u> oppsummering frå det mest <i>aktuelle</i> frå vervane sine.</p> | |
| 82/17 | <p><u>Rapportering av styresaker</u></p> <p>Per Karlsen gjorde greie for styresaker til Helse Vest sitt styremøte 14. desember.</p> <p>Kort oppsummering <i>Rapportering frå verksemda</i> - 14,5 mill. i positivt resultat. 19 mill. dårligare enn planlagt. Helse Stavanger hadde et negativt resultat, 20 mill. dårligare enn budsjettet. Tre grunna: Kostnad for H-resept, kostnad for gjestepasientar og variabel lønn.</p> <p>Helse Stavanger og Helse Førde har dei største negative avvika i oktober 2017. Sikkerheit i moderselskapet skal finnes for å sikra byggeplanar.</p> <p>Det skal opererast eit utval for å sjå på inntekt-fordelinga i sjukehusa, forhåpentlegvis i 2018. Omlegginga av drifta frå døgn til dag skaper økonomiske utfordringar for helseføretaka. Helse Vest RHF har tatt dette opp med Helse- og omsorgsdepartementet.</p> <p>Avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma bidrar til reduksjon i totalbudsjett.</p> <p>Helseføretaka har fått finansieringsansvaret for legemidlar frå folketrygda.</p> <p>Det blir spurt om Protonsenter i Helse Bergen. Helse Vest har ikkje mottatt ekstra midlar til det enn.</p> <p><i>Anna aktuelt:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • det skal opprettast fleir avtalespesialistar • fullmaktsregime for byggeprosjekt <p>RBU er uroa over at innsparingskrava i helseføretaka går ut over pasientbehandlinga og pasienttryggleiken.</p> | Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen |
| 83/17 | <p>Invitasjonar til brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Interregionalt verv. Luftambulansen – RBU oppnemnte Lene Nilsen frå FFO Sogn og Fjordane. | Nestleiar |

| | | |
|--------------|---|---|
| | Første møte er på Gardermoen 5. januar 2018. | |
| 84/17 | <p>Orienteringar/brev til/frå brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Høyringssvar 'Gruppeopplæring'. Grete har sendt inn svar til OUS om gruppeopplæring av pasientar. Det var en hastesak og det var ikkje tid til å involvere heile RBU. • Referat frå Traumanettverket. Grete refererte frå e-post frå Else Berit Ingvaldsen. Dårlig kommunikasjon mellom sjukehus og pre-hospitale teneste. Ikkje god nok oppfølging og triagering for eldre pasientar. • Jostein foreslo å bruke brukarrepresentantar frå pasient- og brukarforeningar til RBU-verv. Henrik har spilt inn saken tidligare. Kan RBU forfatte eit brev til brukarorganisasjonane og informere om behovet? Ideen om å lage ei 'brukarbank' har funnets tidligare. FFO Hordaland er i startfasen med å lage en brukar-database. Henrik kan i neste møte sende inn forslag til kva opplysingar som bør hentas inn for vurdering av nye brukarrepresentantar. <u>Saken handsamas i neste møte 25. januar.</u> <p>Det er viktig at RBU følgjar opp representantar som ikkje sitter i RBU, men har brukarrepresentant-verv for Helse Vest.</p> | Nestleiar |
| 85/17 | <p>Program for pasienttryggleik Presentasjon v/ Synnøve Serigstad, programleiar.</p> <p>Mål for arbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Halvere pasientskader • bygge strukturar for pasienttryggleik • betre pasienttryggleik i føretaka <p>Det er 15 nasjonale innsatsområder. Felt med mest hyppig feil er legemiddel feil. Også fall og infeksjonar skårar høyt. Helse Vest har lykkast godt i hjerneslag-innsatsområde. Innsatsområder følgjes opp med målingar.</p> <p>3 regionale innsatsområder: -trygg gastrokirurgi -trygg ortopedi -trygge fødsler</p> <p>Pasientskader identifisert med GTT (Global trigger tool), har Helse Vest gjort siden 2010. Helse Vest ligger på ca 14%. Mål 2018 er 9,7 %.</p> <p>Kompetanse i forbetningsmetodikk manglar i både</p> | Synnøve Serigstad, leiar for Program for pasienttryggleik |

| | | |
|--------------|--|--|
| | <p>medisinstudiet og andre helseutdanningar.</p> <p>Det har viset seg viktig at leiinga er opptatt av pasienttryggleik og følgjer med på innsatsområdar. Ny forskrift for leiing og kvalitetsforbetring i helsetenesta. Alle leiar har plikt å drive kontinuerlig forbetring.</p> | |
| 86/17 | <p>'Raskere tilbake' ordninga – omlegging frå prosjekt til drift Presentasjon v/ Hilde Rudlang, seniorrådgivar.</p> <p>Alle helseføretak har no ansvar for å etablere 'Raskere tilbake' tiltak i drifta. Fokus på muskel-skjelett lidningar og lettare psykiske lidningar som lettare angst/depresjon. Frå 2018 vil arbeidsstatus ikkje ha noe å si for prioritering til 'Raskere tilbake'. RHF'a skal kjøpe frå private institusjonar i same grad som tidligare.</p> <p>Mål med omlegginga er meir likeverdige tenester. Regionalt heldagsmøte om 'Raskere tilbake' på Flesland 10. januar 2018.</p> | <p>Hilde Rudlang, seniorrådgivar Helse Vest</p>  <p>Omlegging raskere tilbake RBU 07 12 17.</p> |
| 87/17 | <p>Arbeide med Årleg melding 2017 Alle RBU-medlemmer oppmodas til å sende inn ei oversikt over aktivitetar som brukarrepresentant i 2017, til leiar Linn Bæra. Linn vil med hjelp av RBU lage RBU si 'Årlege melding'.</p> | Nestleiar |
| 88/17 | <p>'RBU si time' Elisabet tok opp si uro knytte til Helse Stavanger, med ei vanskelig budsjettsituasjon. RBU er redd budsjettavvik vil føre til dårlegare kvalitet i pasientbehandlinga. RBU meinte svara frå administrasjonen er for generelle. Lene skal førebu eit notat til RBU-møte i januar. Det drøftast vidare om Linn kan ta saka opp med styret i Helse Vest. RBU bør be om en konsekvensanalyse/vurdering av budsjettavvik. RBU ønskjer også at Linn tar opp tema med dei lokale brukarutvals leiane.</p> <p>Jostein meldte sak om Pasientreiser. Pasientar skal reise kollektivt om dei kan. Jostein tar opp ei sak med ei bekjent som måtte ta buss etter ortopedisk inngrep, ho fekk ikkje på seg belte i bussen. Gjer Pasientreiser vurdering om pasienten kan ta på seg belte? Grete tar saken opp ved neste brukarutvalsmøte i Pasientreiser HF.</p> | Nestleiar |
| EVT | <ul style="list-style-type: none"> • Kari og Elisabet ønsket å melde seg på Nasjonal helsekonferansen som KS arrangerer. • Grete tok opp utfordringa knytt til det interregionale AIM-prosjektet. God leiing frå Helse Midt-Norge. Prosjektet vil kunne tape viktig kompetanse ved å skifte leiing. RBU i Helse Midt og Helse Sør-Øst | Nestleiar |

| | | |
|--|---|--|
| | <p>handsamar sak som fremmer at Helse Midt framleis står som prosjektleiar. RBU i Helse Vest vil støtta vedtaket.</p> <ul style="list-style-type: none">• Elisabet var på Innovasjonskonferansen 23. november. Det var ei særdeles spennandes og givande konferanse som fleir bør gå på i 2018.• Henrik ber RBU tenke over korleis 'Deltaking i arbeidsgrupper' blir handsama i framtidige møter. Berre det nyaste, helt aktuelle bør meldes inn til RBU. Saker må tas opp på en systematisk måte. | |
|--|---|--|

Neste RBU-møte er den 25. januar 2018 kl 0945 – 1445. Saker meldes 1 veke før møtet til sekretær, leiar og nestleiar.

Jeg ber RBU se over forskjellen på 'RBU si time' og Eventuelt, da disse deler tenderer til å bli 1 times eventuelt-del. Bør saker meldes inn på forhånd til RBU si time, for å få bedre struktur i møtene? / Charlotta